



Utdrag av
Rettsbok
for



J. B. G. V. J.

Nord- og Midhordland Jordskifterett

vedk. grensegangssak på Syslak, gnr 110 i Lindås,

slutta 27.11.1986.

År 1986 den 16. april, heldt Nord- og Midhordland Jordskifterett førebuaende rettsmøte i huset til Olav M. Syslak på garden Syslak i Lindås.

Rettsformann: Jordskifteoverdommar Ottar Fjellestad som settedommar.

Protokollfører: Jordskifteteknikar Trond Olav Vassdal.

Sak nr.2/1984 Y ved Nord- og Midhordland Jordskifterett. Saka er overført til jordskifteoverdommaren i Hordaland til handsaming i 1.instans.

Part: Olav M. Syslak, eigar av gnr.110, bnr.3 i Lindås.

Motpart: Nils H. Syslak, eigar av gnr.110, bnr.2 i Lindås.

Grannar: Godtfred Syslak, eigar av gnr.110, bnr.1 og 4 i Lindås.
 Lars H. Syslak, " " " 110, " 5 " "
 Maria Kvalheim,
 Hilmar Syslak, " " " 110, " 6 " "
 Ole Syslak og
 Solveig Syslak,
 Alfred Syslak, " " " 110, " 7 " "

Saka gjeld: Krav om grensegangssak for nausttomt.

Til stades:

Olav M. Syslak, Nils H. Syslak og saman med han møtte sønene Norvald og Atle Syslak; Godtfred Syslak og Alfred Syslak.

Varsla men møtte ikkje:

Lars H. Syslak, Maria Kvalheim, Hilmar Syslak, Ole Syslak og Solveig Syslak.

Ingen hadde nokon merknader til innkallinga til dette møtet.

Rettsformannen gjorde greie for hovudreglane i § 106 - 108 i domstolslova. Ingen hadde nokon innvending til habiliteten til rettsformannen.

Rettsformannen la fram:

1. Krav om grensegangssak, dagsett 16/1 -1984 og underteikna av Olav M. Syslak og Godtfred Syslak.
2. Kvittering dagsett 17/1 -1984 for innbetalt rettsgebyr, kr. 500,- frå Olav M. Syslak.
3. Melding til partane om at krav er innkome, dagsett 19/1 -1984.
4. Innkalling til møtet i dag, dagsett 21/3 -1986.

Olav M. Syslak fekk ordet. Han la fram:

5. Utskrift av utskiftning på garden Syslak, slutta 16. oktober 1927.
6. Utskiftningskart over garden Syslak, oppmålt 1925 av Krokaas.

Han meinte at eigaren av gnr.110, bnr.2 hadde bygt naustet på sin nausttomt i Porsvika inn over gnr.110, bnr.3. Han ville ha grensene for nausttomta fastsett slik som den er bestemt i utskiftninga i 1927 og innlagt på utskiftningskartet. Nausttomten og den felles opplagsplassen ved sida av er skildra på side 13 og 14 i utskifta frå saka.

Godtfred Syslak, eigar av gnr.110, bnr.1 og bnr.4. støtta det Olav M. Syslak hadde halde fram. Nausttomten til bnr.2, som støyter inn til felles opplagsplass og til bnr.3 sin eigedom, måtte fastsetjast slikt som bestemt i utskiftninga frå 1927.

Nils Syslak, eigar av gnr.110, bnr.2 fekk ordet. Han gav ei utgreiing om forhistoria til saka og fortalde m.a. at då det vart bygd høgspentline til Mongstad kring 1973 vart lina til slutt bygt beint over hans nausttomt. Som eigar av denne nausttomten fekk han ikkje innkalling eller vart tilkjend noko erstatning ved skjønnet. Dette var ein feil som eigaren av bnr.3 må ha litt ansvar for. Då han ikkje ville byggja naustet beint under kraftlina tok han kontakt med B.K.K., og B.K.K. tok på seg kostnaden med utsprenjing av tomt like utanfor kraftlina. Når det gjaldt samtykke til å få grunn av bnr.3 til dette så sa han at Olav M. Syslak hadde gjeve han grunn til eit naust av ein viss storleik, men at han hadde vorte nøydd til å gå ytterligare 90 cm oppover på grunn av problem med sprenginga. Ein gangveg hadde og blitt sperra på grunn av dette, men ein kunne no gå enten nedom eller oppom naustet. Han var viljug til å sikra gangstien med gjerde dersom den kom oppom naustet. Sprengingsarbeida foregjeikk ca. 1974, muren til naustet vart sett opp ca. 1977 og sjølve naustet vart bygd ca. 1979.

Alfred Syslak, eigar av gnr.110, bnr.7 fekk ordet. Han meinte at Olav M. Syslak ikkje kunne ha noko ansvar for at kraftlina vart flytta og til slutt bygd beint over nausttomten til bnr.2.

Godtfred Syslak fekk på ny ordet. Han meinte at han som medeigar i den felles opplagsplassen hadde interesse av kvar naustet til bnr.2 vart plassert. Olav M. Syslak har prøvd å få orden på tilhøva der nede ved sjøen, men utan å lukkast. Han ville støtta Olav M. Syslak i det han hadde halde fram. Den felles opplagsplassen er no delvis oppfylt med stein som Nils Syslak har plassert der.

Nils Syslak fekk på ny ordet. Han sa at han ville planera ut opplagsplassen seinare, og då vart den mykje større. Opplagsplassen hadde elles blitt lite eller inkje brukt av dei som har bruksrett i den.

Retten saman med partane heldt synfaring. Alle dei frammøtte deltok. Under synfaringa vart tre av grensemerka for opplagsplassen påvist. Ingen av grensemerka for nausttomta til bnr.2 kunne påvisast; dei var truleg sprengt bort. Det var tydeleg at naustet var flytt utanom den opprinneleg tomta og lenger vekk frå sjøen. Naustet var bygd slik at det ikkje kom direkte under høgspentlina.

Det vart forhandla om forlik, men utan resultat. Olav M. Syslak ynskte å få vite korleis den gamle nausttomta låg i høve til det naustet som er bygd før han gjekk inn på nærare forliksforhandlingar.

Rettsformannen bestemte at området ved opplagsplassen og nausttomta til bnr.2 skal målast opp. Den gamle nausttomta skal teiknast inn etter dei opplysningane som føreligg. Kartet skal sendast til partane slik at dei kan forhandle vidare. Det vil så sidan bli tidsett eit nytt rettsmøte. Varsel til nytt møte skal skje ved rettsformannen.

Rettsboka vart lese opp. Tilstades var alle dei som var møtt fram då møtet starta.

Det kom ingen merknad til det som var protokollert og lese opp.

Rettsmøtet heva.
Syslak 16/4 1986

Ottar Fjellestad (s)

År 1986 den 23. september vart Nord- og Midhordland jordskifterett sett i huset til Olav M. Syslak på garden Syslak, gnr. 110 i Lindås.

Rettsformann: Jordskifteoverdommar Ottar Fjellestad
som settedommar.

Jordskiftemeddommarar:

1. Ottar Styve, 5164 Hjelmås.
2. Olav G. Kålås, 5164 Hjelmås.

Protokollførar: Jordskifteteknikar Kåre Riisnes.

Sak nr. 2/1984 Y ved Nord- og Midhordland jordskifterett. Saka er overført til jordskifteoverdommar Ottar Fjellestad til handsaming i 1. instans.

Saksøklarar:

1. Olav M. Syslak, eigar av gnr. 110, bnr. 3 i Lindås.
2. Godtfred Syslak, " " " 110, " 1 og 4 i Lindås.

Saksøkt:

3. Nils H. Syslak, eigar av gnr. 110, bnr. 2 i Lindås.

Andre partar:

4. Lars H. Syslak, eigar av gnr. 110, bnr. 5 i Lindås.
5. Maria Kvalheim, 5125 Bøvågen, Hilmar Syslak 5150 Lindås, Ole Syslak, 5150 Lindås og Solveig Syslak, 5150 Lindås, eigarar av gnr. 110, bnr. 6 i Lindås.
6. Alfred Syslak, eigar av gnr. 110, bnr. 7 i Lindås.

Saka gjeld: Saksøklarane har kravd grensegang mellom gnr. 110, bnr. 3 mot nausttomta til gnr. 110, bnr. 2 og mellom den felles opplagsplassen til gnr. 110, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 mot den same nausttomta til gnr. 110, bnr. 2.

Til stades: Olav M. Syslak, Godtfred Syslak og Nils H. Syslak saman med søner Atle Syslak og Norvald Syslak.

Desse var varsla, men møtte ikkje:

Lars H. Syslak, Maria Kvalheim, Hilmar Syslak, Ole Syslak, Solveig Syslak og Alfred Syslak.

Rettsformannen gjorde greie for hovedreglane i §§ 106-108 i domstollova. Ingen visste om tilhøve som kunne gjera nokon av medlemene i retten ugilde.

Meddommar Ottar Styve har ikkje gjort teneste i jordskifterett før og skreiv under slik

forsikring:

Eg forsikrar at eg i denne saka og i alle framtidige jordskiftesaker vil gjere pliktene mine som jordskiftemeddommar ærleg og med truskap.

Ottar Styve (s)

På spørsmål kom der ingen merknad til samansetjinga av retten.

Rettsformannen la på nytt fram dok. nr. 1 - 6 som tidlegare er lagt fram i det førebuande rettsmøtet 16. april 1986.

Han la vidare fram:

7. Skriv av 6/5-1986 til partane med vedlegg.
8. Innkalling til møtet idag, dagsett 22/8-1986 vedhefta kvittering for rek. brev til partane og til jordskifte-meddommarane.

Dokumenta var tilstades i retten.

På spørsmål kom det den merknaden til innkallinga, frå Nils H. Syslak, at bnr. 1 sin andel i den nordre opplagsplassen var seld frå bnr. 1 til bnr. 20.

Rettsformannen gjorde greie for korleis den nordre opplagsplassen og nausttomta til bnr. 2 var rekonstruert (vedlegg nr. 2 til dok. nr. 7).

Rettsformannen gjorde så partane kjende med det ansvaret dei har når dei forklarar seg for retten.

Olav M. Syslak fekk ordet. Han ville ha grensa mellom bnr. 3 og bnr. 2 sin nausttomt fastsett slik ho var opprinneleg.

Godtfred Syslak fekk så ordet. Han ville ha grensa mellom den nordre opplagsplassen og bnr. 2 si nausttomt fastsett slik den var opprinneleg.

Nils H. Syslak fekk ordet. Han gav ei framstilling av saka slik han tidlegare har gjeve i det førebuande rettsmøtet 16. april 1986. Han opplyste at han hadde hatt eit møte med partane i denne saka, kring 22. mai 1986, men at det ikkje hadde lukkast å koma fram til noko forlik om dei grensestrekingane saka gjeld. Han meinte at dei to nederste krossane for naustgrunnen til bnr. 2 var sprengt bort tidlegare, før det noverande naustet var bygd. Han var viljug til å forhandle om forlik i saka.

Nils H. Syslak og Godtfred Syslak meinte at det framlagde kartet med rekonstruksjon av grensene i området (vedlegg nr. 2 til dok nr. 7) var korrekt.

Olav M. Syslak meinte og at kartet var korrekt, men at det nye nausytet til bnr. 2 ikkje var så lant inne på den nordre opplagsplassen som kartet viser.

Jordskifteretten og dei frammøtte partane heldt så synfaring. Under synfaringa hadde alle dei frammøtte høve til å målbera sine synspunkt.

Det vart halde forliksmekling. Det vart sett fram forslag om korleis grensa mellom bnr. 3 og bnr. 2 si nausttomt skal gå. Etter at retten kom tilbake til rettslokalet vart det sett opp eit skriftleg forslag til forlik. Olav M. Syslak sa då i frå om at han ikkje kunne skrive under på eit slikt forlik i dag, men at han trong meir tid til å tenkja seg om.

Jordskifteretten bestemte då at saka må utsetjast slik at han får ei slik omrømingstid.

Grensa mellom bnr. 2 si nausttomt og den nordre opplagsplassen

kunne heller ikkje handsamast i dag, då det er opplyst at bnr. 20 også har rettigheter i denne opplagsplassen, og eigaren av bnr. 20 ikkje er innkalla til møtet i dag.

Saka vart så utsett på uviss tid.

Kostnader

med dette møtet

.....

kr. 978,-

som førebels vart betalt av Godtfred Syslak.

Meddommarane fekk utbetalt det dei har tilgode.

Rettsboka vart opplest.

Til stades var: Olav M. Syslak, Godtfred Syslak, Nils H. Syslak, Atle Syslak og Norvald Syslak.

På førespørnad kom det ikkje nokon merknad til rettsboka eller leiinga av rettsmøtet.

Retten heva

Syslak 23. september 1986.

Ottar Fjellestad (s) Ottar Styve (s) Olav G. Kålås (s)

År 1986 den 18. november vart Nord- og Midhordland jordskifte-rett sett i møterommet i 4. etasje i Rådhuset i Knarvik.

Rettsformann: Jordskifteoverdommar Ottar Fjellestad som settedommar.

Jordskiftemeddommarar: 1. Ottar Styve, 5164 Hjelmås.
2. Olav G. Kålås, " "

Protokollfører: Jordskiftelandmålar Jostein Kirkhus.

Sak nr. 2/1984 Y ved Nord- og Midhordland jordskifterett - utsett frå 23. september 1986.

Partar:

1. Olav M. Syslak, 5150 Lindås,
eigar av gnr. 110, bnr. 3 i Lindås.
2. Godtfred Syslak, 5150 Lindås,
eigar av gnr. 110, bnr. 1 og 4 i Lindås.
3. Nils H. Syslak, 5150 Lindås,
eigar av gnr. 110, bnr. 2 i Lindås.
4. Lars H. Syslak, 5150 Lindås,
eigar av gnr. 110, bnr. 5 i Lindås.
5. Maria Kvalheim, 5125 Bøvågen,
Kristian Syslaks dødsbu
v/ Hilmar Syslak, 5150 Lindås, } eigarar av gnr. 110,
Ole Syslak, 5150 Lindås og } bnr. 6 i Lindås.
Solveig Syslak, 5150 Lindås,
6. Alfred Syslak, 5150 Lindås,
eigar av gnr. 110, bnr. 7 i Lindås.
7. Ove Birkeland, Nybøstien 20, 5071 Loddefjord,
eigar av gnr. 110, bnr. 20 i Lindås.

Saka gjeld:

Grensegang mellom gnr. 110, bnr. 3 mot nausttomta til gnr. 110, bnr. 2 og mellom den felles opplagsplassen til gnr. 110, bnr. 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 20 mot den same nausttomta.

Saka er forlangt av part nr. 1 og 2 Olav M. Syslak og Godtfred Syslak.

Til stades:

Olav M. Syslak saman med prosessfullmektigen sin adv. Gunnar Hammerstad, Godtfred Syslak og Nils H. Syslak saman med søner Atle Syslak og Norvald Syslak.

Desse var varsla men møtte ikkje:

Lars H. Syslak, Maria Kvalheim, Hilmar Syslak, Ole Syslak, Solveig Syslak, Alfred Syslak og Ove Birkeland.

Ingen kjende til at det sidan forrige rettsmøte i saka den 23. september var kome til noko tilhøve som kan gjera nokon av rettsmedlemene ugilde, og på spørsmål kom det ingen merknad til samansetjinga av retten.

Rettsformannen la fram:

9. Kopi av Erklæring om overføring av rettigheter, dagsett 27.03.84, der gnr. 110, bnr. 1 sine rettigheter ved sjøen på gnr. 110, bnr. 3 blir overført til gnr. 110, bnr. 20, vedhefta 3 vedlegg.

10. Kopi av innkallinga til møtet i dag, dagsett 27.10.86, vedhefta postverkets kvittering for rek.brev til partane.

Dok. nr. 9 vart lese opp. På spørsmål kom det ikkje nokon merknad til innkallinga, dok. nr. 10.

Advokat Gunnar Hammerstad fekk ordet og gav ei framstilling av saka på vegne av Olav M. Syslak, eigar av gnr. 110, bnr. 3.

Nils H. Syslak, eigar av gnr. 110, bnr. 2 fekk ordet og gav ei framstilling av saka.

Det vart sett i gang forliksforhandlingar.

Eigarane av gnr. 110, bnr. 2 og 3 inngjekk deretter slikt

Rettsforlik.

- § 1 Jordskifterettet fastset og regulerar grensa mellom nausttomta til gnr. 110, bnr. 2 i Lindås og gnr. 110, bnr. 3 med utgangspunkt i utskiftinga på Syslak, slutta 16. okt. 1927, slik at nausttomta kjem under naustet til bnr. 2 slik det no står.
- § 2 Bnr. 2 får bruksrett til den grunnen under naustet som ligg på bnr. 3 og som kjem utanfor grensa for nausttomta til bnr. 2 som er nemnt under § 1. Bruksretten gjeld så lenge noværande naust står.
- § 3 Eigaren av bnr. 2 har gangrett over bnr. 3 for å koma til og frå naustet.
- § 4 Eigaren av gnr.110, bnr. 2, Nils H. Syslak betalar til eigaren av gnr. 110, bnr. 3, Olav M. Syslak kr. 5.000,- femtusen kroner, som eingongsutbetaling for bruksrettar og ulemper, innan 15 dagar etter forkynning av denne saka.
- § 5 Eigaren av bnr. 2 skal opparbeida veg med 2,5 m breidde utanom grøfter og skråningar i ei lengde av 6 meter ved nordaustre hjørnet av naustet til bnr. 2. Arbeidet skal vera ferdig innan 1. juni 1987.
- § 6 Eigaren av bnr. 2 skal setja opp og halde vedlike solid gjerde med rekkverk langs skjeringane på nordaustre og søraustre side av naustet til bnr. 2. Arbeidet skal vera utført innan 1. august 1987.
- § 7 Eigaren av bnr. 2 skal innan 1. juni 1987 fjerne eller planere ut overskytande steinmasser som ligg inne på bnr. 3 slik eigaren av bnr. 3 vil dette. Det skal i god tid før fristen går ut setjast opp skriftleg avtale om korleis arbeidet skal utførast.
- § 8 Eigaren av bnr. 3 har gangrett over nausttomta til bnr. 2 mellom naustet og sjøen.
- § 9 Eigaren av bnr. 2 betaler omkostningane med denne grense-gangssaka mellom bnr. 2 og bnr. 3.

§ 10 Rettsforliket har same verknad som rettskraftig dom.

Knarvik, 18. november 1986

Nils Syslak (s)

Olav Syslak (s)

Retten tok så grensa mellom "den nordre opplagsplassen" og nausttomta til gnr. 110, bnr. 2 opp til handsaming. Jordskifteretten har tidlegare sendt ut eit forslag til forlik for denne grensestrekninga, og Olav M. Syslak og Nils H. Syslak skreiv no under dette forliket. Dei øvrige rettighetshavarane i opplagsplassen har tidlegare skrive under på forliket.

Forliket vart no lagt fram som dok. nr. 11.
Forlik, datert Bergen 26/9 1986.

Med dette er denne grensegangssaka løyst.

Dei frammøtte partane forlet no møtet.

Jordskifteretten bestemte at det skal utarbeidast grense-
skildring med koordinatliste for dei omforlikte grensene og
utarbeidast kart som blir å tinglysa saman med saka.

Saka vart så utsett til desse arbeida er gjort.

Kostnaden med dette møtet vil bli oppgjort i samband med neste møte.

Rettsboka vart opplest. Ingen av jordskiftemeddommarane hadde nokon merknad.

Retten heva.

Knarvik 18. november 1986

Ottar Fjellestad (s)

Ottar Styve (s)

Olav G. Kålås (s)

År 1986 den 27. november vart Nord- og Midhordland jordskifterett på ny sett i Rådhuset i Knarvik.

Rettsformann: Jordskifteoverdommar Ottar Fjellestad.

Jordskiftemeddommarar: 1. Ottar Styve, 5164 Hjelmås
2. Olav G. Kålås, " "

Samansetjinga av jordskifteretten var den same som i tidlegare rettsmøte i denne saka.

Protokollførar: Kontorfullmektig Kjersti Instebø.

Sak nr. 2/1984 Y, utsett frå 18. november 1986.

Partsliste er teken inn i rettsboka for møtet 18. november.

Saka gjeld:

Grensegang for nausttomta til gnr. 110, bnr. 2 i Lindås mot gnr. 110, bnr. 3 og den felles opplagsplassen til gnr. 110, bnr. 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 20.

Til stades:

Ingen av partane. Dei var heller ikkje innkalla til dette møtet.

I rettsmøtet 18. november 1986 vart framlagt dok. nr. 11. Forlik, datert Bergen 26/9 1986 som lyder slik:

"

FORLIK

- § 1. Grensa mellom "den nordre opplagsplass" frå utskiftinga på Syslak, gnr. 110 i Lindås slutta 16. oktober 1927, på nordvestre side og gnr. 110, bnr. 2 (nausttomt) og gnr. 110, bnr. 3 på motsett side tek til i eldre kross i stein i det nordaustre hjørnet av opplagsplassen og går i retning SVtS 4,80 m til det nordvestre hjørnet av grunnmuren til naustet til bnr. 2, herfrå i bein line i omlag same retning 9,12 m til det sørvestre hjørnet av grunnmuren til same naust og vidare i same retning til sjøen og ut i sjøen så langt som privat eigedomsrett rekk.
- § 2. Eigaren av bnr. 2 skal innan 2 år rekna frå 1/1 1987 planere ut overskytande steinmasser som ligg på nordre opplagsplass slik som eit fleirtal av dei som har eigedomsrett i opplagsplassen, rekna etter matrikkelskylda, bestemmer.
Det skal i god tid før fristen går ut setjast opp skriftleg avtale om korleis arbeidet skal utførast.
- § 3. Eigaren av bnr. 2 betaler omkostningane med denne grensegangssaka.

Bergen, 26/9 1986

Ove Birkeland (s)
 Alfred Syslak (s)
 Lars H. Syslak (s)
 Godtfred Syslak (s)
 Med fullmakt for Br.6
 Hilmar Syslak (s)
 Nils Syslak (s)
 Olav Syslak (s)

"

Originaldokumentet er vedlagt rettsboka.

Etter § 1 i rettsforliket som vart inngått 18. november, skal jordskifteretten fastsetje og regulere grensa mellom nausttomta til gnr. 110, bnr. 2 og gnr. 110, bnr. 3 med utgangspunkt i utskiftinga på Syslak, slutta 16. okt. 1927, slik at tomta kjem under naustet til bnr. 2 slik det no står.

Retten byrja no på dette.

Det ein har å halda seg til er side 13 og 14 i utskrifta frå utskiftinga, dok. nr. 5 i denne saka, og kopi av utskiftingskartet, dok. nr. 6. Kartet er teikna i målestokk 1:4000, men under arbeidet med denne saka er eit utsnitt av kartet forstørtra opp til målestokken ca 1:2000 (vedlegg nr. 3 til dok. nr. 7).

Jordskifteretten finn at den rekonstruksjonen som er utført (vedlegg nr. 2 til dok. nr. 7), viser den sannsynlege plasseringa av nausttomta til bnr. 2.

Ved rekonstruksjonen er det teke mest omsyn til avstandane i grenseskildringa og til utskiftingskartet. Retningane er det lagt noko mindre vekt på, fordi ein meiner at kartet vart teikna fyrst og retningane tekne av kartet etterpå.

Etter grenseskildringa skal søraustre side av "den nordre opplagsplass", og som bnr. 2 sin nausttomt støyter inntil, vere heilt bein. Utgangspunktet for denne lina er i dag korsen i steinen i det nordaustre hjørnet av opplagsplassen, som er intakt. For å bestemme retninga for denne lina er knekkvinkelen i hjørnet teken ut av utskiftingskartet. Breidda av opplagsplassen ved sjøen er ikkje oppgjeven, men ei samanlikning av breidda på kartet frå 1927 og på rekonstruksjonen viser ikkje nemnande avvik. Retten finn at søraustre avgrensingsline for opplagsplassen er rett rekonstruert, og nausttomta til bnr. 2 er så hekta på denne etter skildringa frå 1927.

Ved den vidare reguleringa av nausttomta til bnr. 2 tek jordskifteretten omsyn til forliket datert 26/9 1986, der grensa for "den nordre opplagsplass" vert trekt langs etter den nordvestre grunnmuren til naustet, til rettsforliket av 18. nov. -86 som seier av nausttomta skal ligge under naustet, og til dei føresetnadene som var framme under forliksforhandlingane om at tomta skulle ha nøyaktig same breidde som naustet og gå ut i sjøen etter retningar bestemt av dei to langsidedene til naustet.

Etter dette regulerer retten nausttomta slik at den nordaustre sida vert avgrensa av ei line tvers over naustet 2,50 m frå dei to hjørnene som vender mot sjøen, og elles av dei to langsidede til naustet og forlenginga av desse utover i sjøen. Ved denne reguleringa får nausttomta omlag same areal ovanfor flomålet som ved utskiftinga i 1927.

I forliket datert 26/9 1986 er det for grensa mellom opplagsplassen og nausttomta brukt formuleringa "... og vidare i same retning til sjøen og ut i sjøen så langt som privat eigedomsrett rekk."

Retten finn difor å måtte bruke denne formuleringa for begge avgrensingslinene for nausttomta utover i sjøen.

Forliket datert 26/9 1986 regulerer og grensa mellom bnr. 3 og "den nordre opplagsplass", og jordskifteretten finn at den også vil skildre denne grensestrekninga, sjølv om saka berre er forlangt mot nausttomta til bnr. 2.

Jordskifteretten vil ikkje foreta noko ny grenseavmerking, då alle grensepunkt er godt definert utan avmerking.

Grenseskildring.

Grense nr. 1.

Gjeld ein del av grensa mellom gnr. 110, bnr. 3 i Lindås på søraustre side og "den nordre opplagsplass" frå utskiftinga på Syslak i 1927, tilhøyrande gnr. 110, bnr. 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 20 på motsett side.

Grensa går ut frå eldre kors (1) i stein i det nordaustre hjørnet av opplagsplassen og går i retning $236,29^{\circ}$ 4,80 m til det nordvestre hjørnet (2) av grunnmuren av naustet til gnr. 110, bnr. 2. Herfrå går grensa i retning $238,38^{\circ}$ 6,62 m langs etter nordvestre side av grunnmuren til grensepunkt (3), der grensa mellom desse to eigedomane endar.

Grense nr. 2.

Gjeld grensa mellom nausttomta til gnr. 110, bnr. 2 i Lindås på søraustre side og "den nordre opplagsplass" tilhøyrande gnr. 110, bnr. 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 20 på motsett side. Grensa tek til i ovan skildra grensepunkt nr. (3) i nordvestre grunnmur til naustet til bnr. 2 og går i same retning som siste del av grense nr. 1, $238,38^{\circ}$ 2,50 m til det sørvestre hjørnet av same naustet og vidare i same retning til sjøen og ut i sjøen så langt som privat eigedomsrett rekk.

Grense nr. 3.

Gjeld grensa mellom nausttomta til gnr. 110, bnr. 2 på sørvestre og nordvestre side og gnr. 110, bnr. 3 på dei motsette sider. Grensa tek til i ovan skildra grensepunkt nr. 3 i nordvestre grunnmur til naustet til bnr. 2, dannar ein rett vinkel med grense nr. 1 og 2 og går i retning $138,38^{\circ}$ 6,25 m til grensepunkt (4) i ytterkanten av den søraustre grunnmuren til naustet, fylgjer herfrå langs etter muren i retning $238,38^{\circ}$ og parallellt med grense nr. 2 2,5 m til det søraustre hjørnet av naustet og vidare i same retning til sjøen og utover i sjøen så langt som privat eigedomsrett rekk.

Koordinatliste; N.G.O.'s akse nr. 1:

Punkt Nr.	Kva slags punkt	X	Y	Avstand	Retn. v
1	Kors i stein	304820,20	- 51241,95	4,80 m	236,29 ^g
2	Hj. grunnmur	304816,16	- 51244,54	6,62 m	238,38 ^g
3	Grensepunkt	304810,70	- 51248,29	6,25 m	138,38 ^g
4	Grensepunkt	304807,16	- 51243,14		

Avstandane er gjevne i vassrett mål. Retningane er gjevne i høve til sant nord og med ei sirkeldeling på 400 grader.

Det er utarbeidd kart med dei nye grensene innlagt. Kartet vart framlagt og gjennomgått av jordskifteretten.

Kostnader

med denne saka:..... Kr. 3.296,00


som etter dei inngåtte forlika skal betalast av eigaren av gnr. 110, bnr. 2.

Olav M. Syslak har tidlegare betalt kr. 500,00 i rettsgebyr og Godtfred Syslak kr. 978,00 for kostnadene med møtet 23. sept. -86.

Eigaren av gnr. 110, bnr. 2, Nils H. Syslak betaler kr. 3.296,00 til rettsformannen innan 15 dager etter forkynning av denne saka. Rettsformannen vil så betale ut til Olav M. Syslak, Godtfred Syslak og til meddommarane det dei har tilgode.

Oppbevaring.

Den tinglyste utskrifta av saka skal takast vare på av eigaren av gnr. 110, bnr. 2 og vere til sams bruk for dei saka vedkjem.



Ikraftsettjing.

Rettsforliket av 18. nov. 1986 trer i kraft med det same.
Grenseskildringane trer i kraft 1. mars 1987.

Forkynning.

Forkynning skjer ved at partane frå tilsendt utskrift av
rettsboka i rekommandert brev.

Avslutting av saka.

Saka vart slutta ved at rettsboka for dette møtet vart opplesen
for jordskiftemeddommarane. Ingen hadde nokon merknad.

Retten heva.

Knarvik, 27. november 1986.

Ottar Fjellestad (s)


Ottar Styve (s)

Olav G. Kålås (s)

Rett utskrift:

Ottar Fjellestad





Koordinatliste:

Pkt. nr.	Avmerking	X	Y
pp 1	Borehol i fj.	304 807.35	-51 262.25
1	Kors i stein	304 820.20	-51 241.95
2	Hj. grunnmur	304 816.16	-51 244.54
3	Grensepunkt	304 810.70	-51 248.29
4	- "-	304 807.16	-51 243.14

FELTETS NAVN SYSLAK		JORDSKIFTEVERKETS KARTARKIV NR. <i>Arkivert på saka.</i>		BLAD NR. /	KARTGRUNNLAG —	FLYOPP GAVE
KOMMUNE LINDÅS	FYLKE HORDALAND	BERORTE GNR 110		ANTALL BLAD /	MÅLESTOKK 1:250	KARTLEGGINGSÅR 1986
JORDSKIFTERETT Nord- og Midhordland.	SAK NR. 2/1984 Y.	FRAMLAGT I RETTEN 27.11.1986	AVSLUTTET 27.11.1986	OFF. BLADINDELING AF 064 5 3	EKV. DIST. —	AJOURFORINGSÅR —
						PRODUSENT <i>Jok. venket</i>

Nord- og Midhordland Jordskifterett
v/jordskifteoverdommar Ottar Fjellestad
Småstrandgt.1, 5000 Bergen, tlf. (05) 311420

Jnr.103/B7

Bergen, 08.04.87

Nils H. Syslak
5150 Lindås

Jordskiftesak nr.2/1984 Y, Syslak, gnr.110 i Lindås.

Vedlagt fylgjer den tinglyste utskrifta som skal takast vare på
av eigaren av gnr.110, bnr.2 og den skal vera til sams bruk for
dei saka røer ved.

for Nord- og Midhordland Jordskifterett

Jostein Kirkhus
Jostein Kirkhus

Kopi av dette brevet vert sendt til:

Olav M. Syslak, 5150 Lindås, eigar av gnr.110, bnr.3
Godtfred Syslak, 5150 Lindås, eigar av gnr.110, bnr.4
Lars H.Syslak, 5150 Lindås, eigar av gnr.110, bnr.5
Maria Kvalheim, 5125 Bøvågen, Hilmar Syslak, 5150 Lindås,
Ole Syslak, 5150 Lindås og Solveig Syslak, 5150 Lindås,
eigarar av gnr.110, bnr.6
Alfred Syslak, 5150 Lindås, eigar av gnr.110, bnr.7
Ove Birkeland, Nybøstien 20, 5071 Loddefjord
, eigar av gnr.110, bnr.20